

**Jon Moe**, artikkel i spalta Geiterams i Bondevennen 4.3. 1995

## **Sild og nemesis**

For 175 år sidan fann lysefjordbuen Ole Olsen Sangesand, Pilt – Ola, opp ein revolusjonerande måte å salta sild på. Når fisket var rikt, vanta dei ofte tønner. Mykje verdfull mat vart øydelagd. Ola laga då ei tønne som var hundre og femten gonger større enn ei vanleg. Metoden har seinare vore mykje brukt og kalla **kum-salting**. Millionverdiar kunne sparast, takk vere oppfinninga hans Pilt – Ola.

- Det var blankt hav, det må ha vore milliardar med tønner!

Dette hermer dei etter Hermann Holgersen frå Kvitsøy. Han fortalde om silde-eventyret då det var på det største. **Den velsigna silda** – ho kom att i slutten av ”nødsårene” 1807 – 1814, og samstundes entra han scenen, den unge og uvanleg fantasirike Ole Olsen Sangesand frå Lysefjorden. Han vart kalla Pilt – Ola fordi han alltid gjekk så fort med stutte steg; dette gongelaget kalla rein å pilta.

Sildetilverking var underlagd strenge lover og privilegier gjennom hundreåra. Men no rakna daneveldet, og den freidige Pilt – Ola hoppa bukk over byråkratiet.

Først trassa han kong Valdemars 700 år gamle lov, som sette forbod mot salting beint i båt.

- Kom igjen! Her tek me imot så lenge me har fribord!

Men båten lak. Det var motvind og han brukte for lang tid på ferda til Stavanger, så silda vart skjemd.

Då fekk Pilt – Ola visjonen og ideen til å byggja det han kalla ”**kalfatrede boder**”, **saman-sua ståande plank på tett botn**. Han pumpa vatn i dette hundre-tønners-ilåtet til det var tett-trutna. Synet for det fantastiske var så sterktat mogelege realitetar vart realitetar for han. Djupt nede i seg hadde han ei hemmeleg kraftkjelde å ta av og å vurdera seg sjølv etter. Så salta han meir og meir sild i fleire og fleire kalfatrede boder.

**Det vart glimrande forretning**. Oppkomlingen vart den største pengesopare på kysten, rik handelsborgar og største skatteytaren i stavanger. På ei veke kjøpte han tre kyrkjer og to gardar på Jæren.

**I mai 1815** selde han 280 tønner sild som var kum-salta og pynteleg omlagd i tønner til konsul Gottlob Ferdinand Reinhardt i Kristiansand. Silda var verd om lag 50.000 riksdalar. Konsulen godkjende silda; han var eigen vraka og slo opp fleire tønner, smaka og let vel. Alt i orden. Men nokre dagar seinare fekk Reinhardt brev frå ein kollega på Stavanger-kanten, truleg frå ein som misunte

Sangesand og ville setja pinnar i hjulet for han. Heile sildelasta blei kverrsett, og dermed kom eit anna hjul i sving: -

Rettsaker frå den eine instansen til den andre. Gong etter gong vann Pilt – Ola, endåtil i Høgsterett. Men, men.....

Men Ole Sangesand fekk erfara at advokatar kan og gjera tabbar. Saka hadde ikkje vore lagd fram i forlikskommisjonen til å byrja med, og dermed kunne ikkje Høgsteretten tilkjenna Sangesand noko form for vederlag. Ei sak for seg var det at vinnaren i årevis ikkje hadde hatt anna å gjera enn å pilta frå og til juridiske ærend. Han forsømde forretningane sine. **Det enda med konkurs og økonomisk ruin.**

Pilt – Ola tok seg snart oppatt, men med mindre lukrative tiltak: - Forsøk med tamrein i sørnorske fjell, ulvekrig og brubyggjing, mellom mangt anna.

Som storhandlar og pengemann kom han aldri på beina meir. Konsul Reinhardt i Kristiansand hadde sett krokfot på han. Men det må vera noko i det at ”det går en nemesis gjennom livet”. Uttrykt på folkemålet heiter det vel at ” det kjem gale atte-om”.

Det kan gå lang tid, så skjer det noko som ikkje eingong Ole Sangesand får kjennskap til. Men ein annan får kjenna det, og han heiter Gottlob Ferdinand Reinhardt. Konsulen som triumferte då han skjønna at han hadde tatt knekken på oppkomlingen frå Lysefjorden, den utkropne kroppen som øydela for alle andre sildehandlaraqr med saltemetoden sin.

Reinhardt var tyskar. Han var komen derifrå og var rotfest der nede, hadde ein bror som i si tid hadde studert i lag med dikteren Goethe. Og denne Goethe var borti så mangt, han og. Mellom anna var han interessert i geologi. Gjennom bror sin fekk konsulen i kristiansand spørsmål om det kunne skaffast ymse slags norsk stein.

### **Om Reinhardt kunne det!!**

Herlighed, det var ei ære! Ein veldig kasse vart send. Goethe skreiv takkebrev og fortalde at han hadde sete oppe heile nyttårsnatta og sortert stein frå Evje i Setesdal.

- Kan dei ingenting om bergverksdrift in Norwegen? undrast dikteren.

Her kjem Pilt – Ola inn i biletet , men ikkje beinveges. Han hadde i si tid prøvt å driva ei nedlagd kopargruve på Straumsheia i Valle. Malmen var for tung å smelta. Berre ei lita kløv vann han ut, og denne slumpen bad han ein setesdøl ta med seg til Kristiansand då han for dit på julehandel.

Ola var sjølv med på ferda. Dei stod tidleg opp og tok i veg på sledeføret så det plystra nedetter dalen. Men der ropa det under skinnfelden attpå lasset.

- Kva er det om å gjera? Det er malm-eigaren som let i seg.... Dei er komne av garde utan malm; dei har rett og slett gløymt det.
- - Ja, du veit! Sukkar Pilt –Ola då dei snur for å henta koparen. – Du veit at den vonde dreg ikkje meir på håle isen enn det eg har gløymt i mi tid.

I Kristiansand har han vet til å halda seg borte frå dørene til Reinhardt.

**- Eg kan kje med den karen!**

Setesdølen tek på seg å selja **koparklatten** til Reinhardt i Kristiansand, og tyskaren tek dette agnet som fisken tek makken – og svel både makk og krok.

Ikkje lenge sidan vart det gitt ut ei flott **jubileumsbok** for det i vår tid så solide og vel-renomerte handelshuset Reinhardt i kristiansand, skriven av Johs. Seland, tidlegare redaktør i Fædrelandsvennen. Han fortel om firma-grunnleggjaren, som kom ”høit op at flyve”. Men, men..... ”Når ryggen er vendt, er handelen endt,”sann.

- Det tar tid, skriv Johs. Seland, men det tar form også. Med Goethe-brevet i bakhovudet og Pilt – Olas malm-klatt på disken, går Gottlob Ferdinand Reinhardt hovudstups uti mineral-eventyret. Han blir malm-galen og hiver seg over alt som ein trur kan brukast or berget. Reinhardt kjøper nedlagde gruver, opnar nye, låner pengar, satsar alt på det eien kortet.

**Og går til slutt dundrande konk.**